

Til
Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref. 200802073

Høyrings svar – utkast til statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane

Visert til skriv datert 20. mai 2009 til kommunane med frist for merknader til høyringsutkastet sett til 20.07.2009 og til telefonsamtale 14.07 med MD der vi fekk opplyst at fristen var lengd til 05.08.2009.

Kommunane i regionen har, gjennom vedtak i Nordhordland digitalt (fagorganet til Regionrådet Nordhordland IKS innan geodata, plan- og byggesak), vedteke å fremja ein samla uttale til utkastet gjennom Regionrådet Nordhordland IKS. Nærare informasjon om Regionrådet Nordhordland IKS finn ein på www.nordhordland.net


Vårt fagorgan sine råd følgjer som vedlegg til dette svaret.


I høyringsbrevet blir høyringsinstansane spesielt bedne om *synspunkter på utkastet til statlig planretningslinje og hensiktsmessigheten av en slik retningslinje.*

Det går fram av vedlegget at våre fagfolk meiner at ein i gjeldande plan- og bygningslov alt har eit tenleg regelverk. Ny planlovdel er sett i verk frå 1. juli i år og vedteken revisjon av resten av lova er venta sett i verk neste år. Denne lovrevisjonen i seg sjølv medfører betydelege omstillingar av kommunane sine styringssystem i høve til lova, organisasjonstilpassingar og ikkje minst skoloring av sakshandsamarane i høve regelverksendingane. I tillegg kjem at ny matrikkellov med tilsvarande forvaltingsmessige utfordringar skal settast i verk frå 1. januar neste år.

Regionrådet Nordhordland IKS tilrår derfor at Miljøverndepartementet ventar med å forma ut dei nemnde statlege retningslinene til ein har hausta erfaring med den reviderte plan- og bygningslova.

Knarvik, den 03.08.2009


Håkon Matre
leiar


Dag E. Eriksen